



Referat frå Arbeidsutval

*Desse møtte: Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, Lars Sellereite,
Leidulv Ø. Grimstad, Jan Erik Hovland*

*Tysdag 6. des. 2016
kl. 16:00-17:30
Hareid kyrkjekontor*

AU 36/16 Val av leiar og nestleiar

I desember 2015 vart Hege Tretnes og Gunmar Grimstad valt som hhv. leiar og nestleiar i soknerådet (og fellesrådet) for 2016. I juni fekk Hege Tretnes fritak frå sitt verv, og Gunmar Grimstad vart leiar. Kjersti Røyset Topphol vart også valt til nestleiar.

Vedtak: AU innstiller på attval av sitjande leiar og nestleiar. Saka vert vidare handsama i komande soknerådsmøte.

AU 37/16 Møteplan våren 2017

Vedlegg: AU3716a Årshjulet Hareid sokn.pdf.

AU3716b Forslag til møteplan Hareid sokneråd våren 2017.pdf

Møteplanen vart gjennomgått i møtet og sendt vidare til soknerådet for handsaming.

AU 38/16 Høyring til kommunens handlingsplan

I Rådmannens forslag til Handlingsplan vil Hareid sokn berre få prioritert tilskotet til Frivilligsentralen i løyvinga for 2017. Kyrkjevevja ventar på meir detaljerte tal for rammetilskotet.

Kan vi gjere noko meir for å påverke politikarane?

Handlingsplanen ligg ute på høyring fram til 14. des. kl. 12.

Vedtak: Kyrkjevevja utarbeidar eit innspel til Handlingsplanen som sendast til dei politiske grupperingane i Hareid kommune. Innspelet skal ha særleg vekt på investeringsprosjekta kyrkja har satt i gang og driftstiltak for auka bemanning på kyrkjegarden.

AU 99/16 Eventuelt

Inga sak

Orienteringar

- **Desembermøtet**

Komitéen har ikkje fastsatt møtestad. Leiar avklarar med dei slik at invitasjon kan sendast ut ein av dei næraste dagane.

- **Møte mellom soknerådsleiar og kyrkjevevje**

Soknerådsleiar og kyrkjevevja hadde møte 23. november kor dei handsama ei søknad frå soknerådsmedlem Elisabeth Myrene om permisjon frå soknerådet på ubestemd tid. Det vart fatta vedtak i saka og permisjon er godkjent.

Jan Erik Hovland
kyrkjevevje
referent

REFERAT

Møte i undervisningsutvalet – 10.01.2017.

Kyrjekontoret
Kl. 19.00 – 20.30

Til stades: Hege Tretnes, leiar
 Vibeke Holstad, medlem
 Kristian Fuglseth, medlem
 Barbro Landmark, kyrkjelydspedagog

Meldt forfall: Elisabeth Gr. Kirkebø, medlem

TRUSOPPLÆRINGSPLANEN – Revisjon før innsending til biskopen.

Trusopplæringsplanen (TOP) skal innan 31.01. 2017 vere ferdig revidert og godkjent av soknerådet 17.01.2017 før innsending til endeleg godkjenning hjå biskopen.

NESTE MØTE: Onsdag ?.?.2017 kl. 19.30 – 21.30, kyrjekontoret.

Hege Tretnes
Leiar og referent